

Høyringsinnspeil frå vernetenesta : fagleg profil Campus Romerike

Det er positivt at dei tre annonseerte faglege profilane som er presentert kan sporast til prinsipp det har vore jobba med over tid, og at dei også kan knyttst til OsloMet sin strategi. Sentralt hovedverneombod opplever også prosessen som bedre planlagt, med større grad av medvirkning enn tidlegare. Alt i alt er sannsynligvis etablering av campus i Lillestrøm positivt både for OsloMet som virksomhet og for dei tilsette. Sentralt hovedverneombod har likevel rolla med å peike på dei utfordringane vi kan møte framover. Sentralt hovedverneombod gjev ikkje innspeil til kven av dei tre annonseerte profilane som vil fungere best å gå vidare med i oppretting av ny campus på Lillestrøm.

Opprettig av nytt campus vil vere ei påkjenning for alle studentar og tilsette på OsloMet, i større eller mindre grad og ikkje nødvendigvis samstundes. Det vil vere viktig at ein er merksam på at ei så stor endring vil kreje ekstra innsats frå alle involverte, både dei som er med i den profilen universitetsstyret vel, og dei som ikkje er det. Den nødvendige involveringa vil ha betydning for anna arbeidskapasitet i perioden.

Alle dei foreslårte profilane vil gi fagmiljø som vert delt mellom to campus. Dette vil vere ei utfordring, som ein må vere klar over, og sette av tid og ressursar til å styrke undervegs. Både fysisk arbeidsmiljø og organisatorisk arbeidsmiljø vert endra.

For å få ein god prosess set det store krav til medverknad. Gode risikovurderingar som både ser på risikobildet og har gode tiltak for å minimere belastninga må vere ein integrert del av arbeidet.

Ressursbruk har vore ei utfordring i tidlegare endringsprosessar, der det ikkje er samsvar mellom ønske om medverknad frå tilsette og dei ressursar som er satt av til nettopp dette. I tillegg har det vore uklart kven som definerer ressursbruken og kven som avgir ressursen. For at verneomboda skal kunne innfri lovkravet, skal dei både bli tatt med på råd og dei skal delta på risikovurderingar. Dei skal ha tilstrekkeleg med tid satt av til dette arbeidet. Viss OsloMet ønsker reell medverknad i Campusarbeidet, er ein nøydt til å planlegge i god tid, informere godt og å ha nok og rett kompetanse med frå starten. Alle som skal medverke, både verneombod og andre tilsette, må ha avsett tid til dette arbeidet, for at prosessen skal bli så bra som mogleg. Dette vurderer sentralt hovedverneombod som eit elementært grunnlag for medvirkning. OsloMet bør så snart som mogleg utarbeide ein plan for korleis tilstrekkelege ressursar skal kunne avsettes til nemte arbeid

Sentralt hovedverneombod forventar at arbeidstakarmedverknad, risikovurderingar og kommunikasjonsplanar vil vere synleggjort og behandla i AMU (i tråd med Arbeidsmiljøloven § 7-2) og at aktuelle verneombod ved universitetet vert involvert i planlegging og gjennomføring av nytt Campus.

Commented [KS1]: Flyttet

Helsing

Sentralt hovedverneombod OsloMet

OSLOMET